

Noregs vassdrags- og energidirektorat kunngjer:

Revisjon av vilkår for reguleringar i Maurangervassdraga, Kvinnherad og Ullensvang kommunar

NVE avgjorde den 25.04.2022 at konsesjonsvilkåra for reguleringar i Maurangervassdraga skal reviderast.

På bakgrunn av krav frå Kvinnherad og Ullensvang kommunar og føringar frå NVE har Statkraft Energi utarbeidd eit revisjonsdokument. Dette beskriv mellom anna reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggst no ut til offentleg høyring, og NVE inviterer alle som har interesse av saka til å uttale seg. Revisjonsdokumentet og fråsegnene vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på NVEs internettside for saka: www.nve.no/8591/V. Generell informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår finnast på www.nve.no/revisjon. Dersom du ønskjer ein papirversjon kan du kontakte Rita Berthelsen Johnsen, tlf. 47 64 71 40 eller e-post: RitaBerthelsen.Johnsen@statkraft.com. Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på saka si internettside: www.nve.no/8591/V.
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Fråsegn» og saksnummer 202016892 i emnefeltet, og gi opp namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Høyringsfristen er **1. juli 2023**.

Statkraft Energi sin søknad om bygging av Mauranger 2 kraftverk blir saksbehandla parallelt med denne revisjonssaka. I samband med saksbehandlinga vil NVE arrangere ei felles synfaring.

På bakgrunn av revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette skal NVE gi ein innstilling til Olje- og energidepartementet, med forslag til nye konsesjonsvilkår. Fråsegnene er offentlege dokument som vil bli referert i innstillinga. Sentrale saksdokument blir lagt ut på www.nve.no/8591/V.